


Installasjon

For studentar

1. Gå til nettsida <https://www.hvl.no/student/it-hjelp/Programvareoversikt/>.
2. Trykk på **Endnote** og **Endnote** igjen.
3. Her loggar du på med **studentkontoen** din, om den ber deg om innlogging.
4. Derfrå kjem du inn på ei Sharepoint side med tre mapper. Trykk deg inn på den med namnet på operativsystemet du har på datamaskina di.
5. **Velg alt** i denne mappa og trykk på **Last ned**.
6. Den vil da laste ned alt til ei komprimert fil. **Høgreklikk** fila under *Nedlastingar* mappa og trykk **Pakk ut**.




7. Om du er på **Windows**, så vil innhaldet da pakkast ut til ei mappe med filene **EN20Inst.exe**, **LesMeg.txt** og **License.dat**. Da køyrer du fila **EN20Inst.exe** og installasjonen vil starte.
Om du er på **MAC** vil du ha lasta ned ei fil med namnet **EndNote20SiteInstaller.dmg**. Denne køyrer du da og installasjonen vil begynne.
8. Trykk **Next > Accept > Next > I accept the license agreement & Next > Next > Next > Next**.
Om den no ber deg om å prøve på nytt, fordi eit av Office programma var opne og da hindra installasjonen, så lagrar og lukkar du Office programma og trykkjar på **Retry**.
9. Installasjonen vil krevje **lokal passord** utfylling for å fortsette.
10. Trykk på **Finish**.

1.2 For ansatte

1. Trykk på Windows knappen og begynn å skrive inn **Programvaresenter** og trykk på den når den dukkar opp.
2. Inne på den trykkjer du deg inn på **Programmer**. Her kan du sortere alfabetisk og meir.
3. Finn **Endnote** og trykk deg inn på den.
4. Trykk på **Installer** og vent til den står som installert.

Fyrste oppstart

Ved fyrste oppstart så vil Endnote spørje etter oppdateringer den vil ta til seg. Desse er berre å tillate.



Om du er uheldig og EndNote vindauget forsvinn, etter at du har trykt på ruta eller utanom, i staden for på sjølv oppdateringsknappen; slik at den ikkje vil komme fram igjen, sjølv om du starter programmet på nytt.

Dette kan du løyse ved å anten ta omstart på datamaskina di, eller skru EndNote heilt av. Dette kan du gjere med **Task Manager (CTRL + SHIFT + ESC)**, eller med **Powershell *Get-Process* og *Stop-Process -Name***.

I Task Manager trykkjer du deg inn under **Detaljer**, der finner du **EndNote.exe** om den køyrer eller har forsvunne. Da trykkjer du på den og avslutter dens oppgåve.

I Powershell kan du skrive inn kommandoen **Get-Process** for å sjå om EndNote køyrer. Om den gjer det så avslutter du den ver å skrive kommandoen **Stop-Process -Name EndNote** og trykjer inn **Y** etterpå, for å godkjenne avsluttinga av programvara.

```
PS C:\Windows\system32> Stop-Process -Name EndNote

Confirm
Are you sure you want to perform the Stop-Process operation on the following item: EndNote(11752)?
[Y] Yes [A] Yes to All [N] No [L] No to All [S] Suspend [?] Help (default is "Y"):
```

Etter at EndNote har vorte avslutta er det berre å starte den igjen for å ta til den oppdateringane den trengjer.